



MØTEPROTOKOLL

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 17.06.2019

Møtestad: Sosialrommet, Turbinen - Møtet starta med synfaring til Stamnes skule og Stamnes barnehage

Møtetid: 10:30 - 17:10

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Anneli Vatile Lilletvedt	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Karin-Johanne B. Rosvold	KRF	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Karin-Johanne B. Rosvold



Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland
Ass. rådmann Åse Elin Myking
Økonomisjef Kenneth Stokke
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum
Kommunalsjef Samfunnsutvikling Helge Berset
Prosjektkoordinator Anita L. Sævild
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
25/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
26/2019	GODKJENNING AV MØTEBOK
27/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
28/2019	BRANNORDNING I VAKSDAL KOMMUNE
29/2019	JUSTERING AV BOMPENGESATSANE I VOSSAPAKKEN
30/2019	DETALJREGULERING FOR KOLLEKTIVTERMINAL I DALE SENTRUM, PLANID 2018002
31/2019	PLANPROGRAM FOR OMRÅDEPLAN STANGHELLE, PLANID 2016002
32/2019	PLANPROGRAM FOR OMRÅDEPLAN VAKSDAL PLANID 2016001
33/2019	VEDTAK - NY KOMMUNAL TILTAKSSTRATEGI FOR SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET" (SMIL), 2019 - 2022.
34/2019	VEDTAK - TEMAPLAN FOR HJORTEFORVALTNING I VAKSDAL KOMMUNE, MED KOMMUNALE MÅL, 2019 - 2023.
35/2019	KRAV OM VILKÅRSREVISJON FOR MODALSVASSDRAGET, EKSINGEDALSVASSDRAGET, TEIGDALSVASSDRAGET OG BERGSDALSVASSDRAGET MED TORFINNSVATNET
36/2019	BIR - UTTALE TIL UTBYGGING AV BOSSNETT UTANFOR BERGEN SENTRUM OG KONKURRANSEUTSETTING AV INNSAMLING AV AVFALL
37/2019	BYGG FOR HELSE OG OMSORG - VAL AV ALTERNATIV FOR VIDARE UTGREIING I FORPROSJEKT
38/2019	ETABLERING AV VIKARPOOL/VIKARORDNING I HELSE OG OMSORG
39/2019	AO-SENTERET KF - VURDERING AV FRAMTIDIG ORGANISERING/SELSKAPSFORM - DRØFTINGSSAK
40/2019	FLYTTING AV DAGSENTERET FRÅ AO-SENTERET TIL HELSE OG OMSORG
41/2019	UTGREIING STAMNES OPPVEKSTTUN MED JUSTERT AREALPROGRAM OG KOSTNADSRAMME INNANFOR RAMMEAVTALAR



42/2019	UTVIDA OPNINGSTID I SFO VED SKULANE I VAKSDAL
43/2019	SKULETUR MED «HVITE BUSSE» ELLER TILSVARANDE TUROPERATØR MED SAME FØREMÅL
44/2019	SØKNAD OM UTESERVERING AV ALKOHOL FRÅ ELVAHUSET DRIFT A/S
45/2019	NY SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND IKS FRÅ 2020
46/2019	UTVIDING AV IKTNH - GODKJENNING AV SAMARBEIDSAVTALE
47/2019	VALLØFTET 2019
48/2019	FINANSREGLEMENT FOR VAKSDAL KOMMUNE
49/2019	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2018 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF
50/2019	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2018
51/2019	TERTIALRAPPORTERING 1 - 2019
52/2019	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2020 -2023



25/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 25/2019 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

26/2019: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Kommentar frå Tom Charles Johnsen om manglande frekvens på kommunestyremøta, for få møter som resulterer i mange saker.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 26/2019 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

27/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Spørsmål frå Heidi Rongved om vasskvalitet i referatsak 18 vart framja i møtet.
Rådmannen svarte

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 27/2019 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

28/2019: BRANNORDNING I VAKSDAL KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Brannordning for Vaksdal kommune vert godkjent. Tilrådingane i rapporten vert fulgt opp. Eidsland depot vert vidareført.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 50/2019 Tilråding:

Brannordning for Vaksdal kommune vert godkjent. Tilrådingane i rapporten vert fulgt opp. Eidsland depot vert vidareført.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Boris Groth og Magne Hestad ba om at habiliteten deira vart vurdert
Kommunestyret vedtok samrøystes at Boris Groth er ugild i saka i medhald av fvl § 6 b)
Kommunestyret vedtok samrøystes at Magne Hestad er ugild i saka i medhald av fvl § 6 andre avsnitt

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 28/2019 Vedtak:

Brannordning for Vaksdal kommune vert godkjent. Tilrådingane i rapporten vert fulgt opp. Eidsland depot vert vidareført.



29/2019: JUSTERING AV BOMPENGESATSANE I VOSSAPAKKEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune sluttar seg til Statens vegvesen sitt framlegg til nye bompengesatsar for Vossapakken.
2. Vaksdal kommune ynskjer at det vert gjennomført ei ny evaluering på slutten av året. Passeringstaket må også bli vurdert i evalueringa.
3. Vaksdal kommune sluttar seg til vedtak i Hordaland Fylkeskommune for nullutslippskøyretøy.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 29/2019 Tilråding:

1. Vaksdal kommune sluttar seg til Statens vegvesen sitt framlegg til nye bompengesatsar for Vossapakken.
2. Vaksdal kommune ynskjer at det vert gjennomført ei ny evaluering på slutten av året. Passeringstaket må også bli vurdert i evalueringa.
3. Vaksdal kommune sluttar seg til vedtak i Hordaland Fylkeskommune for nullutslippskøyretøy.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 29/2019 Vedtak:

1. Vaksdal kommune sluttar seg til Statens vegvesen sitt framlegg til nye bompengesatsar for Vossapakken.
2. Vaksdal kommune ynskjer at det vert gjennomført ei ny evaluering på slutten av året. Passeringstaket må også bli vurdert i evalueringa.
3. Vaksdal kommune sluttar seg til vedtak i Hordaland Fylkeskommune for nullutslippskøyretøy.

30/2019: DETALJREGULERING FOR KOLLEKTIVTERMINAL I DALE SENTRUM, PLANID 2018002

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Dale kollektivterminal, PlanID 2018002, etter Plan- og bygningslova § 12-12, med plandokument:



- Føresegner datert 22. mai 2019
- Plankart datert 22. mai 2019
- Planomtale datert 22. mai 2019

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 46/2019 Tilråding:

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Dale kollektivterminal, PlanID 2018002, etter Plan- og bygningslova § 12-12, med plandokument:

- Føresegner datert 22. mai 2019
- Plankart datert 22. mai 2019
- Planomtale datert 22. mai 2019

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 30/2019 Vedtak:

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Dale kollektivterminal, PlanID 2018002, etter Plan- og bygningslova § 12-12, med plandokument:

- Føresegner datert 22. mai 2019
- Plankart datert 22. mai 2019
- Planomtale datert 22. mai 2019

31/2019: PLANPROGRAM FOR OMRÅDEPLAN STANGHELLE, PLANID 2016002

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Stanghelle, PlanID 2016002.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Fellesframlegg fremja av Kjartan Haugsnes, SV:

Høyringsuttalar til arealdel Stanghelle og Vaksdal vert lagt ved sak om planprogram.

**Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 27/2019 Tilråding:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Stanghelle, PlanID 2016002.

Høyringsuttalar til arealdel Stanghelle vert lagt ved sak om planprogram.

Kommunestyret 17.06.2019**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 31/2019 Vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Stanghelle, PlanID 2016002.

Høyringsuttalar til arealdel Stanghelle vert lagt ved sak om planprogram.

32/2019: PLANPROGRAM FOR OMRÅDEPLAN VAKSDAL PLANID 2016001**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Vaksdal, planID 2016001.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 28/2019 Tilråding:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Vaksdal, planID 2016001.

Høyringsuttalar til arealdel Vaksdal vert lagt ved sak om planprogram.

Kommunestyret 17.06.2019**Behandling:**

Samrøystes vedtak.



KOM - sak 32/2019 Vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 fastset kommunestyret i Vaksdal planprogram for områdeplan Vaksdal, planID 2016001.

Høyringsuttalar til arealdel Vaksdal vert lagt ved sak om planprogram.

33/2019: VEDTAK - NY KOMMUNAL TILTAKSSTRATEGI FOR SPEIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET" (SMIL), 2019 - 2022.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), 2019 – 2022 , Vaksdal kommune, etter vurdering av høyringsinnspel, jf. saksutgreiing. Vedtaket er gjort med heimel i «Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, §§ 1 og 8. Den nye tiltaksstrategien erstattar kommunen sin strategi for 2015-2018.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 30/2019 Tilråding:

Kommunestyret vedtek Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), 2019 – 2022 , Vaksdal kommune, etter vurdering av høyringsinnspel, jf. saksutgreiing. Vedtaket er gjort med heimel i «Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, §§ 1 og 8. Den nye tiltaksstrategien erstattar kommunen sin strategi for 2015-2018.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 33/2019 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), 2019 – 2022, Vaksdal kommune, etter vurdering av høyringsinnspel, jf. saksutgreiing.

Vedtaket er gjort med heimel i «Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, §§ 1 og 8.

Den nye tiltaksstrategien erstattar kommunen sin strategi for 2015-2018.



34/2019: VEDTAK - TEMAPLAN FOR HJORTEFORVALTNING I VAKSDAL KOMMUNE, MED KOMMUNALE MÅL, 2019 - 2023.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Temaplan for hjorteforvaltning i Vaksdal kommune 2019-2023, etter vurdering av høringsinnspel, jf. saksutgreiing.

Vedtaket er fatta med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, § 3.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 31/2019 Tilråding:

Kommunestyret vedtek Temaplan for hjorteforvaltning i Vaksdal kommune 2019-2023, etter vurdering av høringsinnspel, jf. saksutgreiing.

Vedtaket er fatta med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, § 3.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 34/2019 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Temaplan for hjorteforvaltning i Vaksdal kommune 2019-2023, etter vurdering av høringsinnspel, jf. saksutgreiing.

Vedtaket er fatta med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, § 3.

35/2019: KRAV OM VILKÅRSREVISJON FOR MODALSVASSDRAGET, EKSINGEDALSVASSDRAGET, TEIGDALSVASSDRAGET OG BERGSDALSVASSDRAGET MED TORFINNSVATNET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune fremjar krav om revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringane i Eksingedalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget.

Vaksdal kommune ynskjer at revisjonen særleg skal

- Vurdere vilkår som kan gje betre vassføring gjennom året for å sikre fiske/biologi og god



fiskeforvaltning, betre gjennomstrøyming og mindre attgroing og fremje elva sin visuelle karakter i dalføra.

- Vurdere krav til konsesjonær om tiltak for å hindre/reducere attgroing i vassdraga.
- Vurdere krav til konsesjonær om skjøtsel av vegetasjon langs vassdraga, om å sikre betre tilkomst og tilrettelegging for friluftsinteresser, næringsinteresser og reiseliv, og om å synleggjera visuelle kvalitetar ved landsskapet, fossefall med vidare.
- Vurdere vilkår om tiltak for å hindre spreing av framande fiskeartar i vassdraga.
- Setje vilkår som tydeleggjer og forsterkar konsesjonæren sitt ansvar for natur- og miljøforvaltinga i dei regulerte vassdraget herunder overvaking, iverksetjing, gjennomføring og oppfylging av tiltak samt rapportering og informasjon

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 56/2019 Tilråding:

Vaksdal kommune fremjar krav om revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringane i Eksingedalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget.

Vaksdal kommune ynskjer at revisjonen særleg skal

- Vurdere vilkår som kan gje betre vassføring gjennom året for å sikre fiske/biologi og god fiskeforvaltning, betre gjennomstrøyming og mindre attgroing og fremje elva sin visuelle karakter i dalføra.
- Vurdere krav til konsesjonær om tiltak for å hindre/reducere attgroing i vassdraga.
- Vurdere krav til konsesjonær om skjøtsel av vegetasjon langs vassdraga, om å sikre betre tilkomst og tilrettelegging for friluftsinteresser, næringsinteresser og reiseliv, og om å synleggjera visuelle kvalitetar ved landsskapet, fossefall med vidare.
- Vurdere vilkår om tiltak for å hindre spreing av framande fiskeartar i vassdraga.
- Setje vilkår som tydeleggjer og forsterkar konsesjonæren sitt ansvar for natur- og miljøforvaltinga i dei regulerte vassdraget herunder overvaking, iverksetjing, gjennomføring og oppfylging av tiltak samt rapportering og informasjon

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Boris Groth ba om at habiliteten hans vart vurdert i medhald av fvl § 6 b). Kommunestyret vedtok samrøystes at han ikkje er ugild i saka.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 35/2019 Vedtak:

Vaksdal kommune fremjar krav om revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringane i Eksingedalsvassdraget og Bergsdalsvassdraget.

Vaksdal kommune ynskjer at revisjonen særleg skal



- Vurdere vilkår som kan gje betre vassføring gjennom året for å sikre fiske/biologi og god fiskeforvaltning, betre gjennomstrøyming og mindre attgroing og fremje elva sin visuelle karakter i dalføra.
 - Vurdere krav til konsesjonær om tiltak for å hindre/reducere attgroing i vassdraga.
 - Vurdere krav til konsesjonær om skjøtsel av vegetasjon langs vassdraga, om å sikre betre tilkomst og tilrettelegging for friluftsinteresser, næringsinteresser og reiseliv, og om å synleggjera visuelle kvalitetar ved landsskapet, fossefall med vidare.
 - Vurdere vilkår om tiltak for å hindre spreining av framande fiskeartar i vassdraga.
 - Setje vilkår som tydeleggjer og forsterkar konsesjonæren sitt ansvar for natur- og miljøforvaltinga i dei regulerte vassdraget herunder overvaking, iverksetjing, gjennomføring og oppfylging av tiltak samt rapportering og informasjon
-

36/2019: BIR - UTTALE TIL UTBYGGING AV BOSSNETT UTANFOR BERGEN SENTRUM OG KONKURRANSEUTSETTING AV INNSAMLING AV AVFALL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune er positiv til modell for utbygging av bossnett utanfor Bergen sentrum
- 2a. Vaksdal kommune ynskjer ikkje konkurranseutsetting av innsamling av avfall eller
- 2b. Vaksdal kommune ynskjer konkurranseutsetting av innsamling av avfall

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Heidi Rongved er ugild i medhald av fvl § 6 e) punkt 2.

Røysting:

- Punkt 1 i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke
- Punkt 2a og 2b vart sett opp mot kvarandre - punkt 2a vart samrøystes vedteke

FPØ - sak 55/2019 Tilråding:

1. Vaksdal kommune er positiv til modell for utbygging av bossnett utanfor Bergen sentrum
2. Vaksdal kommune ynskjer ikkje konkurranseutsetting av innsamling av avfall

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet. Kommunestyret vedtok samrøystes i medhald av fvl § 6 e) punkt 2 at ho er ugild i saka.



Boris Groth fremja alternativ 2B i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Røysting:

- Det vart først røysta over punkt 1 i formannskapet si tilråding - dette vart samrøysstes vedteke.
- Formannskapet si tilråding i punkt 2 blei så sett opp mot Boris Groth sitt framlegg - Boris Groth sitt framlegg fekk 1 røyst (FRP) og fall.

KOM - sak 36/2019 Vedtak:

1. Vaksdal kommune er positiv til modell for utbygging av bossett utanfor Bergen sentrum
2. Vaksdal kommune ynskjer ikkje konkurranseutsetting av innsamling av avfall

37/2019: BYGG FOR HELSE OG OMSORG - VAL AV ALTERNATIV FOR VIDARE UTGREIING I FORPROSJEKT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber rådmann utgreie vidare alternativ 2A. Ramme for forprosjektet og resultatet av forprosjektet vert lagt fram som eige sak for kommunestyret.
eller
2. Kommunestyret ber rådmann utgreie vidare alternativ 2B. Ramme for forprosjektet og resultatet av forprosjektet vert lagt fram som eige sak for kommunestyret.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Alternativt framlegg frå Eirik Haga på vegner av AP, SP, KRF:

Kommunestyret fastset slik struktur for institusjonar / bygg i helse og omsorg:

1. Det skal vera 48 sjukeheims plassar – 32 på Vaksdal og 16 på Dale.
2. Det skal vera 16 bustader for «omsorg+» - 8 på Vaksdal og 8 på Dale.
 - På Jamnetunet vert 8 aldersbustader bygd om til «bustader for omsorg+» og 6 oppgraderte til omsorgsbustader
 - På Daletunet vert 8 omsorgsbustader / eventuelt sjukeheims plassar som ikkje er i bruk bygd om til «bustader for omsorg+»
3. Det skal vera 29 omsorgsbustader – 6 på Vaksdal og 23 på Dale.
4. 2 av bustadane skal vera avlastingsbustadar.

Stad	Institusjons- plassar	Bustader omsorg +	Omsorgs- bustader	Alders- bustader	Potensielle lettstelte bustader	Sum
Vaksdal	32	8	6	0		46
Dale	16	8	23		(16)	47 (63)
Stamnes				8		8
	48	16	29	8	(16)	101 (117)



Rådmannen kjem tilbake med ei eiga sak som omfattar:

1. *Framlegg til plan for gjennomføring og implementering. Planen må og omfatta bruk av velferdsteknologi.*
2. *Tenleg stegvis ombygging og nødvendig riving/sanering av areal, samt ei vurdering av å halda att areal for eventuelt endra / auka behov for institusjonsplassar.*
3. *Ei vurdering av investeringsbehov som gjeld kjøkken, vaskeri og anna.*
4. *Tenleg utnytting av areal nært Vaksdal sjukeheim og Daletunet.*
5. *Ei vurdering av potensialet for ombygging (skisse) av ein etasje på Daletunet med tanke på lettstelte bustader for utleige eller eventuelt sal.*
6. *Eit kvalifisert kostnadsoverslag over delelementa i pkt. 1 – 4 som gjeld investering og drift. Saka dannar grunnlaget for å kunne innarbeida tiltaka i økonomiplanen for 2021 -2024.*

Tilleggsframlegg frå Sigmund Simmenes, SP, til framlegget frå Eirik Haga, del 2 punkt 1:
Planen må og omfatta rehabiliteringsplassar og bruk av velferdsteknologi.

Oversendingsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

I vidare utgreiing ber formannskapet administrasjonen kartlegge pårørande sin situasjon i kommunen i eit likestillingsperspektiv.

I høve undersøking frå «Pårørandealliansen» i 2017 om ulønna omsorgsarbeid svara 6000 respondentar, 89 % av desse var kvinner. Det som mellom anna kom fram var:

- *Mange kvinner hadde gått ned i stilling eller bytta til lettare stilling.*
- *Kun halvparten av kvinnene mellom 40 og 69 år var i lønna arbeid i det heile.*
- *15 prosent brukte 30 timar eller meir kvar veke på ulønna omsorgsarbeid.*
- *Foreldre eller andre eldre på institusjongjev mindre belastning på pårørande enn heimebuande.*
- *Kommunen «sparar» men mister kompetanse og tilgjengeleg arbeidskraft. Kvinner (i hovudsak) tek kostnaden ved deltid, sluttar i arbeid og vert minstepensjonistar.*

Utvikling av eldreomsorg i Vaksdal for framtida kan ikkje basera seg på at pårørande skal ta ein stadig større del av omsorga.

Utsetjingsframlegg frå Bjørn Roald, H:

Foreslår at vi først tar strukturgjennomgangen på organiseringen av helse og omsorg før vi vedtar struktur for institusjoner/bygg i helse og omsorg. På den måten får vi kartlagt behov for type plasser og sammensetting av organisasjon for å tjene dette best mulig m.t.p. antall ansatte.

Det vart først røysta over utsetjingsframlegget frå H - dette fekk 1 røyst (H) og fall.

Røysting:

- Alt 1 (2A) i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart først sett opp mot Eirik Haga sitt framlegg (det som får fleirtal vert sett opp mot alt 2 (2B))
Eirik Haga sitt framlegg vart samrøystes vedteke.
- Eirik Haga sitt framlegg vart så sett opp mot alt 2 (2B) i rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Eirik Haga sitt framlegg samrøystes vedteke
- Tilleggsframlegget frå Sigmund Simmenes vart samrøystes vedteke.
- Oversendingsframlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 51/2019 Tilråding:

Kommunestyret fastset slik struktur for institusjonar / bygg i helse og omsorg:

1. Det skal vera 48 sjukeheimplassar – 32 på Vaksdal og 16 på Dale.



2. Det skal vera 16 bustader for «omsorg+» - 8 på Vaksdal og 8 på Dale.
 - På Jamnetunet vert 8 aldersbustader bygd om til «bustader for omsorg+» og 6 oppgraderte til omsorgsbustader
 - På Daletunet vert 8 omsorgsbustader / eventuelt sjukeheimplassar som ikkje er i bruk bygd om til «bustader for omsorg+»
3. Det skal vera 29 omsorgsbustader – 6 på Vaksdal og 23 på Dale
4. 2 av bustadane skal vera avlastingsbustadar

Stad	Institusjons- plassar	Bustader omsorg +	Omsorgs- bustader	Alders- bustader	Potensielle lettstelte bustader	Sum
Vaksdal	32	8	6	0		46
Dale	16	8	23		(16)	47 (63)
Stamnes				8		8
	48	16	29	8	(16)	101 (117)

Rådmannen kjem tilbake med ei eiga sak som omfattar:

1. Framlegg til plan for gjennomføring og implementering. Planen må og omfatta rehabiliteringsplassar og bruk av velferdsteknologi.
 2. Tenleg stegvis ombygging og nødvendig riving/sanering av areal, samt ei vurdering av å halda att areal for eventuelt endra / auka behov for institusjonsplassar.
 3. Ei vurdering av investeringsbehov som gjeld kjøkken, vaskeri og anna.
 4. Tenleg utnytting av areal nært Vaksdal sjukeheim og Daletunet.
 5. Ei vurdering av potensialet for ombygging (skisse) av ein etasje på Daletunet med tanke på lettstelte bustader for utleige eller eventuelt sal.
 6. Eit kvalifisert kostnadsoverslag over delelementa i pkt. 1 – 4 som gjeld investering og drift.
- Saka dannar grunnlaget for å kunne innarbeida tiltaka i økonomiplanen for 2021 -2024.

Oversending til administrasjonen:

I vidare utgreiing ber formannskapet administrasjonen kartlegge pårørande sin situasjon i kommunen i eit likestillingsperspektiv.

I høve undersøking frå «Pårørandealliansen» i 2017 om ulønna omsorgsarbeid svara 6000 respondentar, 89 % av desse var kvinner. Det som mellom anna kom fram var:

- Mange kvinner hadde gått ned i stilling eller bytta til lettare stilling.
- Kun halvparten av kvinnene mellom 40 og 69 år var i lønna arbeid i det heile.
- 15 prosent brukte 30 timar eller meir kvar veke på ulønna omsorgsarbeid.
- Foreldre eller andre eldre på institusjongjev mindre belastning på pårørande enn heimebuande.
- Kommunen «sparar» men mister kompetanse og tilgjengeleg arbeidskraft. Kvinner (i hovudsak) tek kostnaden ved deltid, sluttar i arbeid og vert minstepensjonistar.

Utvikling av eldreomsorg i Vaksdal for framtida kan ikkje basera seg på at pårørande skal ta ein stadig større del av omsorga.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Framlegg frå Evelyn Boge, SV:

Kommunestyret ber rådmann utgreie vidare alternativ 2B med slik justering:

Det skal vera 20 sjukeheimplassar på Dale

Det skal vera 12 bustader for «omsorg+» - 6 på Vaksdal og 6 på Dale

Det skal vera 19 omsorgsbustader på Dale



Ramme for forprosjektet og resultatet av forprosjektet vert lagt fram som eige sak for kommunestyret.

Framlegg frå Boris Groth på vegner av FRP og H:

Kommunestyret ber rådmannen utgreie vidare alternativ 2B med slike justeringar:

Det skal vera 16 sjukeheims plassar på Dale

Det skal vera 16 bustader for «omsorg+» - 8 på Vaksdal og 8 på Dale

Det skal vera 28 omsorgsbustader på Dale

Plassane på Stamnes skal vidareførast som i dagens ordning.

Ramme og plan for forprosjektet og resultatet av forprosjektet vert lagt fram som eige sak for kommunestyret.

Saka må omfatte:

- *Framlegg til plan for gjennomføring skal også omfatte rehabiliteringsplassar og bruk av Tryggleiksteknologi.*
- *Saka må også synleggjere ei heilheitleg moglegstudie for Dale Helsehus, som inkluderer vedtatt antal plasser og kva resterande areal kan nyttast til. (T.d. lettstelte bustader, kan det vere mogleg å samle andre helsetenester som lege/fysio etc. e.l. i bygningsmassen, alle evt. andre moglegheiter. Vurderingar om evt. noko areal bør behaldast og brukast på ein måte så det ved evt. kritisk behov seinare relativt enkelt kan omgjeras tilbake til sjukeheims plassar igjen. Er det mogleg å få til ein endå betre hageløysing på Dale for bebuarane, når Vaksdal no får «Trope hage / Vinterhage».)*
- *Kjøkken skal reetablerast på Vaksdal, og vurderast reetablert på Dale. Rådmannen må undersøke moglegheitene for å få tilskot til reetablering frå den nye tilskotsordninga for reetablering av kjøkken som Regjeringa har lanserte i revidert nasjonalbudsjett. Det vert lagt ved ei kostnadsoversikt for dette i saka.*
- *Vaskeri skal vere med i plan på Vaksdal, og rådmannen må også undersøke moglegheita for samarbeid med AO-Senteret om drifta. Det vert lagt ved ei kostnadsoversikt for dette i saka.*
- *Tenleg stegvis ombygging og nødvendig riving/sanering av areal.*
- *Tenleg utnytting av øvrig areal nært Vaksdal sjukeheim og Daletunet.*
- *Det vert lagt som ein ein føresetnad at nybygget på Vaksdal vert dimensjonert og bygd slik at det er mogleg å ved seinare behov bygge på ekstra etasje(er).*
- *Eit kvalifisert kostnadsoverslag over alle delelementa som gjeld investering og drift.*
- *Herunder skal Rådmannen også innhente informasjon om, og førebu ei eige sak som leggst fram for kommunestyret om søknad om deltaking i prosjektet: «Statlig finansiert eldreomsorg» for å sikre den framtidige drifta av eldreomsorga i Vaksdal best mogleg forutsigbarhet, trygghet og kvalitet.*

Saka dannar grunnlaget for å kunne innarbeida tiltaka i økonomiplanen for 2021 -2024.

Røysting:

- *Formannskapet si tilråding vart sett opp mot Boris Groth sitt framlegg (det som får fleirtal vert sett opp mot Evelyn Boge sitt framlegg)*
Boris Groth sitt framlegg fekk 3 røyster (H, FRP) og fall
- *Formannskapet si tilråding vart så sett opp mot Evelyn Boge sitt framlegg.*
Evelyn Boge sitt framlegg fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall



KOM - sak 37/2019 Vedtak:

Kommunestyret fastset slik struktur for institusjonar / bygg i helse og omsorg:

1. Det skal vera 48 sjukeheimplassar – 32 på Vaksdal og 16 på Dale.
2. Det skal vera 16 bustader for «omsorg+» - 8 på Vaksdal og 8 på Dale.
 - På Jamnetunet vert 8 aldersbustader bygd om til «bustader for omsorg+» og 6 oppgraderte til omsorgsbustader
 - På Daletunet vert 8 omsorgsbustader / eventuelt sjukeheimplassar som ikkje er i bruk bygd om til «bustader for omsorg+»
3. Det skal vera 29 omsorgsbustader – 6 på Vaksdal og 23 på Dale
4. 2 av bustadane skal vera avlastingsbustadar

Stad	Institusjons- plassar	Bustader omsorg +	Omsorgs- bustader	Alders- bustader	Potensielle lettstelte bustader	Sum
Vaksdal	32	8	6	0		46
Dale	16	8	23		(16)	47 (63)
Stamnes				8		8
	48	16	29	8	(16)	101 (117)

Rådmannen kjem tilbake med ei eiga sak som omfattar:

1. Framlegg til plan for gjennomføring og implementering. Planen må og omfatta rehabiliteringsplassar og bruk av velferdsteknologi.
 2. Tenleg stegvis ombygging og nødvendig riving/sanering av areal, samt ei vurdering av å halda att areal for eventuelt endra / auka behov for institusjonsplassar.
 3. Ei vurdering av investeringsbehov som gjeld kjøkken, vaskeri og anna.
 4. Tenleg utnytting av areal nært Vaksdal sjukeheim og Daletunet.
 5. Ei vurdering av potensialet for ombygging (skisse) av ein etasje på Daletunet med tanke på lettstelte bustader for utleige eller eventuelt sal.
 6. Eit kvalifisert kostnadsoverslag over delelementa i pkt. 1 – 4 som gjeld investering og drift.
- Saka dannar grunnlaget for å kunne innarbeida tiltaka i økonomiplanen for 2021 -2024.

Oversending til administrasjonen:

I vidare utgreiing ber formannskapet administrasjonen kartlegge pårørande sin situasjon i kommunen i eit likestillingsperspektiv.

I høve undersøking frå «Pårørandealliansen» i 2017 om ulønna omsorgsarbeid svara 6000 respondentar, 89 % av desse var kvinner. Det som mellom anna kom fram var:

- Mange kvinner hadde gått ned i stilling eller bytta til lettare stilling.
- Kun halvparten av kvinnene mellom 40 og 69 år var i lønna arbeid i det heile.
- 15 prosent brukte 30 timar eller meir kvar veke på ulønna omsorgsarbeid.
- Foreldre eller andre eldre på institusjongjev mindre belastning på pårørande enn heimebuande.
- Kommunen «sparar» men mister kompetanse og tilgjengeleg arbeidskraft. Kvinner (i hovudsak) tek kostnaden ved deltid, sluttar i arbeid og vert minstepensjonistar.

Utvikling av eldreomsorg i Vaksdal for framtida kan ikkje basera seg på at pårørande skal ta ein stadig større del av omsorga.



38/2019: ETABLERING AV VIKARPOOL/VIKARORDNING I HELSE OG OMSORG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmann om å arbeide for å etablere ei vikarordning i helse og omsorg gjennom bruk av fast tilsette i turnus i kombinasjon med timebank. Ordninga skal bidra til å redusere bruk av innleigde vikarar.

Levekårsutvalet 20.05.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

LEV - sak 15/2019 Tilråding:

Kommunestyret ber rådmann om å arbeide for å etablere ei vikarordning i helse og omsorg gjennom bruk av fast tilsette i turnus i kombinasjon med timebank. Ordninga skal bidra til å redusere bruk av innleigde vikarar.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Bjørn Roald, H:

Kommunestyret ber rådmann om å arbeida for å etablere ei vikarordning i helse og omsorg gjennom bruk av fast tilsette i turnus i kombinasjon med timebank. Ordninga skal bidra til å redusere bruk av innleigde vikarar.

Kommunestyret har som målsetjing at gjennomsnittlig stillingsstorleik vert auka til over 80% i løpet av 2020.

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

- 1. Kommunestyret ber om at det vert innført årsturnus i pleie og omsorg som ei permanent ordning frå og med 2020*
- 2. Kommunestyret har som målsetting at gjennomsnittleg stillingsstorleik vert auka til over 80 % i løpet av 2020.*
- 3. Kjøp av vikarar frå private skal ikkje skje etter 01.07.2020. Kommunestyret forutset at administrasjonen si løysing i høve vikarbruk ikkje involverer private løysingar.*

Røysting:

Levekårsutvalet si tilråding vart sett opp mot Kjartan Haugsnes sitt framlegg. Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 3 røyster (SV) og fall

Tilleggsframlegget frå Bjørn Roald vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 38/2019 Vedtak:

Kommunestyret ber rådmann om å arbeide for å etablere ei vikarordning i helse og omsorg gjennom bruk av fast tilsette i turnus i kombinasjon med timebank. Ordninga skal bidra til å redusere bruk av innleigde vikarar.



Kommunestyret har som målsetjing at gjennomsnittlig stillingsstorleik vert auka til over 80% i løpet av 2020.

39/2019: AO-SENTERET KF - VURDERING AV FRAMTIDIG ORGANISERING/SELKAPSFORM - DRØFTINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Framlegg frå ordførar om at AO-senteret KF forblir kommunalt føretak i framtida.

Dette vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 32/2019 Tilråding:

AO-senteret KF vert organisert som eit kommunalt føretak.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 39/2019 Vedtak:

AO-senteret KF vert organisert som eit kommunalt føretak.

40/2019: FLYTTING AV DAGSENTERET FRÅ AO-SENTERET TIL HELSE OG OMSORG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner flytting av dagsenter frå AO senteret KF til bufellesskap for funksjonshemma. Det er ein føresetnad at det vert løyvd investeringsmidlar til ombygging og tilpassing i budsjett 2020 slik det er lagt til grunn i økonomiplanen.

Driftsressursar og budsjettløyving vert flytta frå AO senteret KF til Helse og omsorg frå det tidspunkt når ombygginga er ferdig og flyttinga er gjennomført. Oppdraget til det kommunale føretaket vert justert i samsvar med endringane.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Saka vert utsett.

Kort grunngjeving:

Formannskapet ønskjer uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne før saka vert handsama. Formannskapet ber og om at uttale frå tilsette, dagleg leiar, brukarar og pårørande vert ein del av saka.

Det vart først røysta over utsetjingsframlegget. Dette vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 33/2019 Vedtak:

Saka vert utsett.

Kort grunngjeving:

Formannskapet ønskjer uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne før saka vert handsama. Formannskapet ber og om at uttale frå tilsette, dagleg leiar, brukarar og pårørande vert ein del av saka.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Saka vart behandla etter sak 25/2019.

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. *Kommunestyret ber om at dagsenterplassane vert flytta til lokale i elvavegen.*
2. *Kommunestyret vil presisera viktigheita av at dagsenteret må skiljast frå brukarane sine heimar og nære miljø. Eit dagsenter skal gje brukarane variasjon i kvardagen, moglegheiter til nye og andre aktivitetar og møte fleire menneske*
3. *Kommunestyret løyver midlar til investering og drift slik det framgår av saka.*
4. *Kommunestyret ber rådmannen kome tilbake med evaluering av nytt dagsenter etter første driftsår.*

Protokollmerknad frå Kjartan Haugsnes, SV:

Kommunestyret ber administrasjonen få på plass ein rutine som sikrar at aktuelle saker kjem til råd for menneske med nedsett funksjonsevne, og at dei kjem tidsnok til å verte handsama innan gjeldande rutiner for politisk sakshandsaming.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot framlegget frå Kjartan Haugsnes. Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

Protokollmerkningen frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteken.



KOM - sak 40/2019 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner flytting av dagsenter frå AO senteret KF til bufellesskap for funksjonshemma. Det er ein føresetnad at det vert løyvd investeringsmidlar til ombygging og tilpassing i budsjett 2020 slik det er lagt til grunn i økonomiplanen.

Driftsressursar og budsjettløyving vert flytta frå AO senteret KF til Helse og omsorg frå det tidspunkt når ombygginga er ferdig og flyttinga er gjennomført. Oppdraget til det kommunale føretaket vert justert i samsvar med endringane.

Protokollmerknad

Kommunestyret ber administrasjonen få på plass ein rutine som sikrar at aktuelle saker kjem til råd for menneske med nedsett funksjonsevne, og at dei kjem tidsnok til å verte handsama innan gjeldande rutiner for politisk sakshandsaming.

41/2019: UTGREIING STAMNES OPPVEKSTTUN MED JUSTERT AREALPROGRAM OG KOSTNADSRAMME INNANFOR RAMMEAVTALAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen legg fram to alternativ til vedtak:

1. Kommunestyret vil vidareføre dagens drift med dagens barnehage og skule
2. Kommunestyret vil etablera oppveksttun på Stamnes der ein arbeider vidare med grovkissa som rammeleverandør har lagt fram, med ei ramme på 10,8 mill.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Framlegg frå Bjørn Roald, H:

Høgre opprettholder sitt opprinnelige forslag:

Kommunestyret ber om at det blir bygd oppveksttun på Stamnes i h.h.t. den opprinnelige fremsatte planen med utlysing av anbud. Kostnadsramme kr 20 mill.

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. Kommunestyret ber om at det vert bygd oppveksttun på Stamnes skule etter opphøveleg plan, og at tiltaket vert sendt ut på anbud på nytt.
2. Prosjekt "Nytt oppveksttun" på Stamnes vert løyst innan ei ramme på maksimalt 20 millionar kroner.

Framlegg frå Eirik Haga, AP:

Kommunestyret ber om at det vert bygd oppveksttun på Stamnes skule innanfor ei kostnadsramme på kr. 10,8 mill + kr. 4,2 mill frå mindreforbuket i 2018 til saman kr. 15,0 mill. Oppveksttunet vert å lya ut på anbud med moglegheit for forhandlingar. Kommunestyret vil ta endeleg avgjer etter forhandlingane.



Framlegg frå Arne Normann på vegner av SP og KRF:

Kommunestyret byggjer oppveksttun på Stamnes med ei ramme på 20 mill.

Oppveksttunet vert å lysa ut på anbod med opning for forhandlingar. Kommunestyret vil ta endeleg avgjerd etter forhandlingane.

Boris Groth ba om gruppemøte

Etter gruppemøtet vart det lagt fram følgjande fellesframlegg frå FRP, H, SV, SP, KRF:

1. *Kommunestyret ber om at det vert bygd oppveksttun på Stamnes skule etter opphøveleg plan, og at tiltaket vert sendt ut på anbod på nytt.*
2. *Prosjekt "Nytt oppveksttun" på Stamnes vert løyst innan ei ramme på 20 millionar kroner.*
3. *Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram på nytt om innkomne tilbod etter forhandlingar vert høgare enn kommunestyret si ramme i punkt 2. Auka i ramma vert å innarbeida i budsjett og økonomiplan.*

Røysting:

- Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget (det som får fleirtal vert sett opp mot Eirik Haga sitt framlegg)
Fellesframlegget fekk 13 røyster (FRP, H, SV, SP, KRF, MDG)
- Fellesframlegget vart så sett opp mot Eirik Haga sitt framlegg.
Eirik Haga sitt framlegg fekk 8 røyster (AP) og fall

KOM - sak 41/2019 Vedtak:

1. Kommunestyret ber om at det vert bygd oppveksttun på Stamnes skule etter opphøveleg plan, og at tiltaket vert sendt ut på anbod på nytt
2. Prosjekt "Nytt oppveksttun" på Stamnes vert løyst innan ei ramme på 20 millionar kroner
3. Kommunestyret ber om at saka vert lagt fram på nytt om innkomne tilbod etter forhandlingar vert høgare enn kommunestyret si ramme i punkt 2. Auka i ramma vert å innarbeida i budsjett og økonomiplan

42/2019: UTVIDA OPNINGSTID I SFO VED SKULANE I VAKSDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret opprettheld opningstid i skulefritidsordninga, kl. 07.30 – 16.00. Der meir enn 50 % av borna ved ei skulefritidsordning eller minst 6 (4 på Stamnes) born (det av kriteria som inntreff fyrst) har behov for det skal opningstida utvidast. Foreldrebetalinga vil, for desse borna, verta utvida med den til ei kvar tid gjeldande timesats for SFO.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Endringsframlegg frå Eirik Haga på vegner av AP, SP, KRF:



Rådmannen undersøkjer behovet for utvida opningstid i SFO frå kl.07.00 – 07.30 og frå kl. 16.00 – 17.00.

Kostnadsoverslag over ei generell utviding av opningstida vert å leggja fram i lag med rådmannen sitt grunnlagsdokument til budsjett 2020 14.oktober 2019.

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Kommunestyret ber om at opningstid SFO vert utvida med ein halv time frå 07:30 – 16:30 for alle frå og med skuleåret 2019 – 2020. (kjernetid) Betalingssats vert som idag. Kostnad knytt til 30 min auka opningstid vert innarbeida i 2. tertial.

Røysting:

- Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart først sett opp mot Kjartan Haugsnes sitt framlegg (det som får fleirtal vert sett opp mot Eirik Haga sitt framlegg)
 - Kjartan Haugsnes sitt framlegg vart samrøystes vedteke
 - Framlegget frå Kjartan Haugsnes vart så sett opp mot Eirik Haga sitt framlegg.
- Eirik Haga sitt framlegg fekk 6 røyster (AP, SP, KRF, H) og vart vedteke.

Protokollmerknad:

Kjartan Haugsnes støtta subsidært Eirik Haga sitt framlegg.

FPØ - sak 48/2019 Tilråding:

Rådmannen undersøkjer behovet for utvida opningstid i SFO frå kl. 07.00 – 07.30 og frå kl. 16.00 – 17.00.

Kostnadsoverslag over ei generell utviding av opningstida vert å leggja fram i lag med rådmannen sitt grunnlagsdokument til budsjett 2020 (14.oktober 2019).

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Kjartan Haugsnes fremja sitt forslag frå formannskapet på nytt:

Kommunestyret ber om at opningstid SFO vert utvida med ein halv time frå 07:30 – 16:30 for alle frå og med skuleåret 2019 – 2020. (kjernetid) Betalingssats vert som idag. Kostnad knytt til 30 min auka opningstid vert innarbeida i 2. tertial.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart sett opp mot framlegget frå Kjartan Haugsnes. Framlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 3 røyster (SV) og fall

KOM - sak 42/2019 Vedtak:

Rådmannen undersøkjer behovet for utvida opningstid i SFO frå kl. 07.00 – 07.30 og frå kl. 16.00 – 17.00.

Kostnadsoverslag over ei generell utviding av opningstida vert å leggja fram i lag med rådmannen sitt grunnlagsdokument til budsjett 2020 (14.oktober 2019).



43/2019: SKULETUR MED «HVITE BUSSE» ELLER TILSVARANDE TUOPERATØR MED SAME FØREMÅL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber om at skuletur med "Hvite Busse" el. vert teke opp på foreldremøte på 8. årsteg der ein har dialog med føresette om det er ynskjeleg frå foreldra si side å bidra med dugnad o.l. Avgjersle om deltaking vert teke etter at ein har fått foreldre og elevar sine synspunkt på saka.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Alternativt framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. *Kommunestyret har som målsetting å styrke arbeidet mot rasisme og antisemittisme. Med dette ønskjer kommunestyret at elevar på Dale barne- og Ungdomsskule i løpet av 8-10 klasse skal reise på klassetur med «Hvite busse» eller tilsvarande reiseoperatør til Auschwitz – Birkenau eller andre besøksleirar etter 2. verdskrig. Vaksdal kommune legg inn kostnaden i budsjett frå og med skuleåret 2019 – 2020.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen hente inn erfaringar med slik reise frå Modalen kommune som har etablert ei slik ordning, eventuelt høyrer med Modalen kommune om det er mogleg med eit framtidig samarbeid/fellesreise med Modalselevane.*

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart sett opp mot framlegget frå Kjartan Haugsnes. Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 1 røyst (SV) og fall.

FPØ - sak 47/2019 Tilråding:

Kommunestyret ber om at skuletur med "Hvite Busse" el. vert teke opp på foreldremøte på 8. årsteg der ein har dialog med føresette om det er ynskjeleg frå foreldra si side å bidra med dugnad o.l. Avgjersle om deltaking vert teke etter at ein har fått foreldre og elevar sine synspunkt på saka.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Kjartan Haugsnes fremja sitt forslag frå formannskapet på nytt:

1. *Kommunestyret har som målsetting å styrke arbeidet mot rasisme og antisemittisme. Med dette ønskjer kommunestyret at elevar på Dale barne- og Ungdomsskule i løpet av 8-10 klasse skal reise på klassetur med «Hvite busse» eller tilsvarande reiseoperatør til Auschwitz – Birkenau eller andre besøksleirar etter 2. verdskrig. Vaksdal kommune legg inn kostnaden i budsjett frå og med skuleåret 2019 – 2020.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen hente inn erfaringar med slik reise frå Modalen kommune som har etablert ei slik ordning, eventuelt høyrer med Modalen kommune om det er mogleg med eit framtidig samarbeid/fellesreise med Modalselevane.*

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart sett opp mot framlegget frå Kjartan Haugsnes. Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 4 røyster (SV, FRP) og fall



KOM - sak 43/2019 Vedtak:

Kommunestyret ber om at skuletur med "Hvite Busser" el. vert teke opp på foreldremøte på 8. årsteg der ein har dialog med føresette om det er ynskjeleg frå foreldra si side å bidra med dugnad o.l. Avgjersle om deltaking vert teke etter at ein har fått foreldre og elevar sine synspunkt på saka.

44/2019: SØKNAD OM UTESERVERING AV ALKOHOL FRÅ ELVAHUSET DRIFT A/S

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om uteservering for Elvahuaset Drift A/S vert innvilga.

Elvahuaset Drift A/S får innvilga skjenkeløyve for uteservering for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid blir fra kl. 13.00 til 01.00. Skjenketiden gjelder alle ukedager.

Løyvehaver er Elvahuaset Drift A/S org nr. 920332617.

Styrar for skjenkeløyvet er Åse Hauge

Stedfortredar for skjenkeløyvet er Erik Vinsjasen

Skjenkeløyvet for uteservering er gjeldande frå 01.06.19 t.o.m. 30.06.2020.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 49/2019 Tilråding:

Søknad om uteservering for Elvahuaset Drift A/S vert innvilga.

Elvahuaset Drift A/S får innvilga skjenkeløyve for uteservering for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid blir fra kl. 13.00 til 01.00. Skjenketiden gjelder alle ukedager.

Løyvehaver er Elvahuaset Drift A/S org nr. 920332617.

Styrar for skjenkeløyvet er Åse Hauge

Stedfortredar for skjenkeløyvet er Erik Vinsjasen

Skjenkeløyvet for uteservering er gjeldande frå 01.06.19 t.o.m. 30.06.2020.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.



KOM - sak 44/2019 Vedtak:

Søknad om uteservering for Elvahuaset Drift A/S vert innvilga.

Elvahuaset Drift A/S får innvilga skjenkeløyve for uteservering for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Skjenketid blir fra kl. 13.00 til 01.00. Skjenketiden gjelder alle ukedager.

Løyvehaver er Elvahuaset Drift A/S org nr. 920332617.

Styrar for skjenkeløyvet er Åse Hauge

Stedfortredar for skjenkeløyvet er Erik Vinsjasen

Skjenkeløyvet for uteservering er gjeldande frå 01.06.19 t.o.m. 30.06.2020.

45/2019: NY SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND IKS FRÅ 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Vaksdal kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 52/2019 Tilråding:

Vaksdal kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Vaksdal kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.



KOM - sak 45/2019 Vedtak:

Vaksdal kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Vaksdal kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

46/2019: UTVIDING AV IKTNH - GODKJENNING AV SAMARBEIDSAVTALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 34/2019 Tilråding:

1. Vaksdal kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger
2. Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 46/2019 Vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger
 2. Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre
-



47/2019: VALLØFTET 2019

Ordfører sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre sluttar seg til KS sitt valløfte 2019.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 54/2019 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre sluttar seg til KS sitt valløfte 2019.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Valløftet vert å ta inn i valavisa i VaksdalPosten.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 47/2019 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre sluttar seg til KS sitt valløfte 2019.

48/2019: FINANSREGLEMENT FOR VAKSDAL KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner framlegget til Finansreglement

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Eirik Haga på vegner av AP, SP, KRF:

Tredje kulepunkt utvidast til «Driv innanfor lova sine bestemmelsar og lovreguleringar, samt fremjar eit seriøst arbeidsliv»

Dei seks neste kulepunkta (unngå plassering):

Det skal innarbeidast at ein skal unngå plassering i:

o Selskap som driv med menneskehandel / slaveri / prostitusjon

o Selskap som har oppdrag i Norge skal følgja norsk tariffavtale



Fellesframlegg fremja av Eirik Haga:

Maksimal risiko på finansielle aktiva skal ikkje overstige 20%

Finansreglementet vert å behandla av kommunestyret i løpet av første året i kvar kommunestyreperiode.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Fellesframlegget vart vedteke med 6 mot 1 røyst (H)

Framlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 35/2019 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner framlegget til Finansreglement med følgjande endringar:

Tredje kulepunkt utvidast til «Driv innanfor lova sine bestemmelsar og lovreguleringar, samt fremjar eit seriøst arbeidsliv»

Dei seks neste kulepunkta (unngå plassering):

Det skal innarbeidast at ein skal unngå plassering i:

o Selskap som driv med menneskehandel / slaveri / prostitusjon

o Selskap som har oppdrag i Norge skal følgja norsk tariffavtale

Maksimal risiko på finansielle aktiva skal ikkje overstige 20%

Finansreglementet vert å behandla i kommunestyret i løpet av første året i kvar kommunestyreperiode.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 48/2019 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner framlegget til Finansreglement med følgjande endringar:

Tredje kulepunkt utvidast til «Driv innanfor lova sine bestemmelsar og lovreguleringar, samt fremjar eit seriøst arbeidsliv»

Dei seks neste kulepunkta (unngå plassering):

Det skal innarbeidast at ein skal unngå plassering i:

o Selskap som driv med menneskehandel / slaveri / prostitusjon

o Selskap som har oppdrag i Norge skal følgja norsk tariffavtale

Maksimal risiko på finansielle aktiva skal ikkje overstige 20%

Finansreglementet vert å behandla i kommunestyret i løpet av første året i kvar kommunestyreperiode.



**49/2019: ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2018 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG
OPPLÆRINGSSENTER KF**

Styret sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF. Av rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 243.117,38 vert 110.117,38 overført til driftsfond og 133.000,- overført til amortiseringsfond.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 36/2019 Tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF. Av rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 243.117,38 vert 110.117,38 overført til driftsfond og 133.000,- overført til amortiseringsfond.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Boris Groth refererte kontrollutvalet sin uttale.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 49/2019 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF. Av rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 243.117,38 vert 110.117,38 overført til driftsfond og 133.000,- overført til amortiseringsfond.

50/2019: ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2018 med mindreforbruk/overskot på kr 4.690.645,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2018 for Vaksdal Kommune. Mindreforbruket for drifta, 4.690.645,- vert disponert som følger:

Kr. 4.690.645,- til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2020.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2018 for Vaksdal Kommune. Mindreforbruket for drifta, 4.690.645,- vert disponert som følgjer:

Kr. 1.000.000 styrka budsjett Stanghelle skule

Kr. 750.000 styrka budsjett Vaksdal skule

Kr. 750.000 styrka budsjett Dale ungdomsskule

Kr. 1.690.645 etablering vikarpool pleie og omsorg

Kr. 500.000 asfaltering kommunale vegar

Framlegg frå Heidi Rongved på vegner av AP, SP, KRF:

Det vert løyvd 100.000 kr av overskotet til Sansehagen ved Resurssenteret for demente på Vaksdal.

Formannskapet ba om å få ei sak til behandling vedk. Vaksdal Senter.

Røysting

Dei 2 første avsnitta i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 1 røyst (SV)

Framlegget frå Heidi Rongved vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 37/2019 Tilråding:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2018 med mindreforbruk/overskot på kr 4.690.645,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2018 for Vaksdal Kommune. Mindreforbruket for drifta, 4.690.645,- vert disponert som følgjer:

Kr. 4.590.645,- til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2020. Det vert løyvd 100.000 kr av overskotet til Sansehagen ved Resurssenteret for demente på Vaksdal.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Heidi Rongved, AP:

Det blir oppretta eit fond for asfaltering og overført 1,5 mill. av mindreforbruket til dette fondet.

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2018 for Vaksdal Kommune. Mindreforbruket for drifta, 4.690.645,- vert disponert som følgjer:

Kr. 1.000.000 styrka budsjett Stanghelle skule

Kr. 750.000 styrka budsjett Vaksdal skule

Kr. 750.000 styrka budsjett Dale ungdomsskule

Kr. 150 000 etablering årsturnus pleie og omsorg.

Kr. 500.000 asfaltering kommunale vegar

Kr. 1 540 645 til disposisjonsfond



Framlegget vart trekt og innlemma i eit fellesframlegg frå FRP, H, SV

Tilleggsframlegg frå Boris Groth på vegner av FRP, H, SV:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2018 for Vaksdal Kommune. Mindreforbruket for drifta, 4.690 645 vert disponert som følgjer:

Kr. 1 000 000 styrka budsjett Stanghelle skule

Kr. 750 000 styrka budsjett Vaksdal skule

Kr. 750 000 styrka budsjett Dale ungdomsskule

Kr. 150 000 etablering årsturnus pleie og omsorg.

Kr. 500 000 asfaltering kommunale vegar

- Oppstartstøtte til Ung Vaksdal: Kr 25 000

- Eingongs ekstrapott for ungdomsklubbane i kommunen : Kr 30 000

- Eingongs ekstra støtte til viktige kulturarrangement fordelt på: «Mat og Kulturfesten: Daledagane» 50% og Vintertreffet på Vaksdal 50%: Kr 50 000

- Sansehagen ved Resurssenteret for demente på Vaksdal: Kr 100 000

Kr. 1 335 645 til disposisjonsfond

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilleggs-/fellesframlegget frå Boris Groth fekk 7 røyster (SV, FRP, H, MDG) og fall

Tilleggsframlegget frå Heidi Rongved fekk 14 røyster (AP, SP, KRF) og vart vedteke

KOM - sak 50/2019 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2018 med mindreforbruk/overskot på kr 4.690.645 på drifta og kr 0 i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2018 for Vaksdal Kommune.

Mindreforbruket for drifta, 4.690.645 vert disponert som følgjer:

Kr. 4.590.645 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2020. Det vert løyvd 100.000 kr av overskotet til Sansehagen ved Resurssenteret for demente på Vaksdal.

Det blir oppretta eit fond for asfaltering og overført 1,5 mill. av mindreforbruket til dette fondet.

51/2019: TERTIALRAPPORTERING 1 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport 1 vert godkjent slik den ligg føre.

Prosjekt om trafikktryggleikstiltak ved heradshuset/kollektivterminalen kr 350 000,- vert finansiert med 175 000,- i tilskot og 175 000,- ved bruk av fond.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 11.06.2019

Behandling:

Økonomisjefen orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 53/2019 Tilråding:

Tertialrapport 1 vert godkjent slik den ligg føre.

Prosjekt om trafikktryggleikstiltak ved heradshuset/kollektivterminalen kr 350 000 vert finansiert med 175 000,- i tilskot og 175 000 ved bruk av fond.

Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 51/2019 Vedtak:

Tertialrapport 1 vert godkjent slik den ligg føre.

Prosjekt om trafikktryggleikstiltak ved heradshuset/kollektivterminalen kr 350 000 vert finansiert med 175 000 i tilskot og 175 000 ved bruk av fond.

52/2019: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2020 -2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsprogram og økonomiplan 2020 -2023 vert godkjent slik den ligg føre. Det skal gjennomførast ein ekstern gjennomgang av helse-og omsorgstenestene som grunnlag for neste økonomiplan.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.05.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 38/2019 Tilråding:

Handlingsprogram og økonomiplan 2020 -2023 vert godkjent slik den ligg føre. Det skal gjennomførast ein ekstern gjennomgang av helse-og omsorgstenestene som grunnlag for neste økonomiplan.



Kommunestyret 17.06.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 52/2019 Vedtak:

Handlingsprogram og økonomiplan 2020 -2023 vert godkjent slik den ligg føre. Det skal gjennomførast ein ekstern gjennomgang av helse-og omsorgstenestene som grunnlag for neste økonomiplan.



Bergen brannvesen orienterte ved starten av møtet:

- Brannsjef Leif Linde
- Seksjonsleiar deltidstyrker Roger Trefall
- Informasjonsleiar Trine Sommerlade

Open halvtime:

Ragnhild Vatle frå Dale Røde Kors Omsorg

Bekymringsmelding om praktisk bistand og utføring av tenestene.

Fast orientering frå ordførar:

Orienteringa er lagt inn i Møteportalen

Varaordførar:

Om KS si landssamling vedk. klimaplanar for kommunane

Orientering om Udir-prosjektet Rettleiing for kvalitetsutvikling i skulane

v/Hege Eide Vik, politisk representant i ressursgruppa

SPØRSMÅL:

Tom Charles Johnsen

Ønskjer status på sakene om vasskvalitet i Sørfjorden og, landstrøm på Vaksdal

Rådmannen svarte

Anneli Vatle Lilletvedt

- Om Stamnes motorverkstad - kva er status
Rådmannen svarte, dette var i rute ved nyttår
- Om dialogen mellom administrasjonen og personale i helse og omsorg (spørsmålet vart og stillt i
levekårsutvalet)
Rådmannen v/einingsleiar helse og omsorg svarte

Boris Groth

Ny kommunesong